

# Referat frå årsmøte 2021 i Herøy Sogelag

9.sept kl 18.30 på Kvadranten i Fosnavåg.

Medrekna styret var det 9 medlemmar som møtte på årsmøte.

## Sak 1. Val av møteleiar og sekretær.

Johan Moltu vart vald til møteleiar. Johanne Moltu Lundberg vart vald til sekretær.

Johan opplyste om at det vart ikkje noko kåseri på dette årsmøte, då Karsten Sund som hadde sagt seg villeg, måtte melde avbod. Heller ikkje Steinar Åheim kunne møte, så det vart ikkje musikk og sang på dette årsmøte.

Johan Sundnes som hadde laga til årsmøtepapira, fortalte om fotografiet på framsida av hefte. Det var av Paul Hjelmeseth (f. 1879) og familien hans. Johan fortalte om viktige livshendingar i familien hans, og om etterkomarane.

## Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkalling og saksliste vart godkjent. I år var årsmøte annonsert både i Vestlandsnytt, på Heimesida og på Facebook. Det kom eit forslag om å presisere kva for eit lokale «Kvadranten» er i, då dette ikkje er kjent for alle. Det kom og ein merknad om at innkallinga kom noko seint inn i Facebook-sida.

## Sak 3. Årsmeldinga.

Sekretæren las opp årsmeldinga som vart godkjent, men med ei endring på ei språkleg formulering.

## Sak 4. Rekneskapet.

Kasserar Johan Sundnes gjorde greie for rekneskapet. Fordi Herøy kommune vil slette restgjelda mot å overta eit parti bøker Heimar og Folk tilsvarande restgjelda, er Sogelaget i ein god økonomisk situasjon. Det er framleis eit stort lager igjen av bøkene, og vi bør ha ei vareoppteljing ved årsskifte.

Rekneskapet vart godkjend av årsmøte.

## Sak 5. Kontingent.

Leiaren orienterte om at styret si tilråding til årsmøte er at kontigenten vert uendra. Det var ingen merknader til denne tilrådinga.

## Sak 6. Val.

Johan Moltu hadde sagt ifrå seg leiarvervet, og valkomiteen hadde ikkje klart å finne ein ny person som ville stille til valg som leiar. Dei som stod på val av styremedlemmar, Jon Olav Kopperstad og Sølvi Woldsund Myrholt, tok attval. Alf Olger Dypvik hadde sagt seg villeg å stille som styremedlem, og valkomiteen foreslo at styret kunne konstituere seg sjølve når eit ekstra medlem kom inn i styret. Dette er i strid med vedtekten, då leiar skal veljast av årsmøte.

Johan Moltu var villeg til å stille som leiar endå eit år, og vart valgd av årsmøte. Årsmøte takkar Alf Olger Dypvik for at han var villeg å stille til val som styremedlem, og vonar han kan stille på nytt ved neste høve.

Styret for 2021 ser då slik ut:

Styreleiar:

Johan Moltu

**Styremedlemmar:**

Jon Olav Kopperstad  
Sølvi Woldsund Myrholt  
Nina Elisabeth Bøe  
Johan Sundnes  
Johanne Moltu Lundberg

**Varamedlemmar:**

Hildur Lid Hole  
Gunnhild Maurstad Hege  
Beddari

**Revisorar for eitt år:**

Bertha Johannesen Anna  
Aasmo

**Valnemd:**

Aud Karen Pettersen  
Aase Sivertsen  
Oddbjørg Remøy

Sak 7. Ymse.

Det vart servert kaffe og rundstykke, og vi var innom fleire tema.

-Eit medlem hadde med diverse avisutklipp, gamle kort, og oppslag som han tenkte kunne vere av interesse for Folk og Fortid. Johan ville ta desse med til redaktøren av Folk og Fortid.

-Johan Moltu informerte om at det i oktober kjem eit nytt opplag av boka Herøybåtar i hundre år, no med rettingar av kjende feil. Boka har med båtar fram til 1998. Johan informerte om at det er tenkt å starte arbeidet med ei ny båtbok, der også båtar etter 1998 kjem med.

-Bilete til Herøy-kalendaren. Leif Skorpen er ansvarleg for å samle bilete til kalendaren. Det er ulike meininger om kva slags bilete som er av interesse. Det er uansett sentralt at biletene har ei historie, og at folk kan kjenne ei tilknytning til det.

Møte slutt.

Ref Johanne Moltu Lundberg  
(Sekretær)